



Statped Vest

Statleg spesialpedagogisk støttesystem

Saksbehandlar
Marit Mjøs, tlf. 55923415

Vår dato
2008-12-30

Vår referanse
2008/002042

Dykkar dato
--

Dykkar referanse

1 av 1


Utdanningsdirektoratet
Avdeling for finansiering og forvaltning
Postboks 2924 Tøyen
0608 OSLO



Høringsuttale til NOU 2008:18: Fagopplæring for framtida

Vi oversender med dette Statped Vest si høyringsuttale til NOU 2008:18.
Sjå vedlegg.

Med helsing


Steiner Sandstad
direktør


Marit Mjøs
avdelingsleiar

Postadresse

Statped Vest
Postboks 6039, Bergen postterminal
5892 BERGEN

Besøksadresse

Sandbrekkeveien 27
5231 Paradis

Organisasjonsnummer

974 789 477

Telefon

55923400

Teksttelefon

55923570

Telefaks

55923551

E-postadresse

statpedvest@statped.no

Heimeside

www.statped.no/vest



Statped Vest

Statleg spesialpedagogisk støttesystem

HØYRINGSUTTALE TIL NOU 2008:18: FAGOPPLÆRING FOR FRAMTIDA

Med referanse til ungdom og vaksne som av ulike grunnar har problem med å gjennomføre vidaregåande opplæring eller oppnå relevant kompetanse for arbeidslivet vil Statped Vest innleiingsvis kommentere dei konkrete framlegga i meldinga slik:

Utvalet har forskriftsmessig følgd regjeringa sitt mandat. Innstillinga er velutforma i samsvar med dette og gjev eit presist samandrag i kap.2. Situasjonsanalysen i kap. 3 er breispektra og så djuptgåande ein kan vente i slikt dokument. Det same gjeld framstilling av grunnleggande utviklingstrekk som påverkar arbeidslivet, kap. 4, og utleiing av konsekvensar for fag- og yrkesopplæringa, kap. 5. Det er i vesentleg grad nytta oppdatert forskning på området. Innhaldet i innstillinga gjennom kap. 3 - 5 systemretta, perspektivrikt og praktisk relevant.

Utvalet presenterer omkring 80 tiltak, jf. kap. 6. Presentasjonen er relevant og rosverdig omfattande. Imidlertid er framlegg til tiltak av eit slikt omfang at antydning til prioritering burde kome meir tydeleg fram – utan å kome i konflikt med mandatet.

Statped Vest ser det som ønskeleg å framheve nokre tiltak utvalet har presentert for at fleire skal gjennomføre vidaregåande opplæring, jf. avsn. 6.3:

- Fleksible opplæringsløp som vekslar mellom opplæring i bedrift og opplæring i skule
- Planlagd kompetanse på lågare nivå, herunder utviding av forsøksordninga med praksisbrev
- Tilgang på fleire og meir varierte læreplassar med særleg vekt på tilpassa og inkluderande opplæring
- Utvida ressurs til rådgjeving og karriereveiledning med tydeleg omsyn til breidde i elevgruppa og stigande kompleksitet i arbeidsmarknaden
- Ekstra tilskott og tilbod om anna støtte som oppfølging frå fylkeskommunen til lærebedrifter som teiknar lærekontrakt med elevar med spesielle oppfølgingsbehov

Statped Vest ønskjer ein meir tydeleg profil på tilpassa og inkluderande opplæring i fagopplæring for framtida. I NOU 2008: 18 er slik profil synleg. Sett frå vår side bør presisjons- og ambisjonsnivået her hevast, også med referanse til eit styrka inkluderande arbeidsliv.

Med utgangspunkt i dette tillet vi oss å reise nokre meir fundamentale spørsmål knytta til det mandatet som meldinga kvilar på. Sjølv om det er skissert ei rekkje tiltak som kan bidra til at fleire oppnår relevant kompetanse for dei framtidige utfordringane som arbeidslivet må møte, saknar vi eit klårare fokus på eit inkluderande arbeidsliv. Etter vår meining må dette inngå i dei framtidige utfordringane som både fagopplæringa og arbeidslivet må handtere. Utan eit slikt perspektiv vil framleis for mange unge og vaksne måtte stå heilt utanfor arbeidslivet med dei negative konsekvensane det har både for den einskilde og for samfunnet totalt. Vi ber difor om at utvalet sine framlegg vert supplert med tiltak som har eit slikt siktemål.

Bergen, 30.12.08

Amund Nedreberg (sign)
seniorrådgjevar

Marit Mjøs
avdelingsleiar